

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 12..07.16

Vår ref. 732/16/BSI/5.7.12

Dykkar ref.:

Fiskeridirektoratet region Vest (ref. 16/7479)
v/ Ola Midttun

Nærings- og Fiskeridepartementet (ref. 16/3098-3)
v/ Marius Dalen

Masfjorden kommune

e-mail

MASFJORDEN, LEIRVIKA – SØKNAD OM OPPDRETT AV MAKROALGAR.

Viser til brev av 10.06.16 frå Fiskeridirektoratet region Vest, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har vore i kontakt med medlem i Nordhordland Fiskarlag om saka.

Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar for laks/aure, samt søknad om nye lokalitetar, med m.a. bakgrunn i innføringa av Hardangerfjordforskrifta og inndeling i PD-/ lusesoner.

I tillegg får ein no ein del søknader om løyve til å oppdrett av makroalgar «samlokalisert» på eksisterande lokalitetar med laks/aure, men òg på nye lokalitetar.

Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrett av makroalgar.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersystema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring. Fortøyingar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger må ryddast skikkeleg.

Det er viktig at det blir stilt økonomisk garanti for rask fjerning av anlegget ved eventuell konkurs, slik at ein ikkje får ein ny omgang med anlegg som «ligg å sleng» slik ein opplevde i høve blåskjelanlegg, for det er til stor fare for ferdsl på sjøen.

Lokaliteten Leirvika

Det er her søkt om oppdrett av makroalgar, sukkertare og butare, frå lokale stammar.

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert gyteområde for torsk i og ved omsøkt lokalitet, samt gyteområde og område for passiv reiskap i fortøyingsområdet til lakseoppdrettet i tilknytning til makroalgeanlegget, jf. vedlagde kart.

Når det gjeld fortøyning av lakseoppdrettsanlegget viser ein til følgjande uttale av i dag, ref. 731/16/BSI/5.7.12:

«Fiskarlaget Vest har ikkje merknader utover ovannemnde under føresetnad av at fortøyning nr. 14 blir flytta til sørsida av Skarholmen (blå pil) samt at fortøyning F4 blir festa nærast mogeleg land der det er markert «Ø» i kartet (raud pil). Dette for at ein skal kunne nytte området til garnfiske.»

Første del av ovannemnde merknad vil ha påverknad på makroanlegget, og ein føreset at det blir tatt omsyn til det.

Ein forutset òg at det ikkje er snakk om noko fortøyning av makroanlegget utover det som er vist på vedlagde kart.


Elles visar ein til dei generelle merknadene.

Med helsing
Fiskarlaget Vest



Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Hordaland Fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland



10 | 20 | 50 | 100 | Tall

urnavn | CD-oversikt | ChartWorld-versjoner

gesund | Faery | Sterling | Codfjerd | Tømber | Erko | Arctic Villa | Bolaks | Hønden | MHN | Parfida << >> 3 måneder Høyre museknapp endrer navn